SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:
Trude Helen Flåten
E-post: Trude.Helen.Flaten@sfj.no
Tlf.: 41530613

Vår ref.
Sak nr.: 15/8692-20
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
47328/15

Dykkar ref.

Notat

Dato
LEIKANGER, 29.10.2015

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet, tillegg til FU-sak 109/15, møte 4. november 2015

Innstilling av medlemer til Hallingskarvet nasjonalparkstyre, Jostedalsbreen nasjonalparkstyre og Breheimen nasjonalparkstyre

I sak 109/15 (val av medlemer til nemnder o.a., valperioden 2015-19) er det i punkt 18 lagt opp til at fylkesutvalet skal innstille styremedlemer til dei verneområdestyra Sogn og Fjordane fylkeskommune er involvert i. Det viser seg at fylkesrådmannen har utegløymd tre verneområdestyre frå nemnde sak. Dette beklagar eg. Det gjeld styra for Hallingskarvet nasjonalpark, Jostedalsbreen nasjonalpark og verneområda knytt til verneplan for Breheimen.

Det går fram av punkt 18 i sak 109/15 at fylkeskommunen skal innstille éi kvinne og éin mann blant medlemene i fylkestinget til dei ulike styra. Miljødirektoratet nemner opp nye styre. Oppnemninga gjeld for fylkestingsperioden.

Hallingskarvet nasjonalparkstyre
Nasjonalparkstyret for Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde har ansvaret for å forvalte verneområda Hallingskarvet nasjonalpark i kommunane Aurland, Hol og Ulvik og Finse biotopvernområde i Ulvik kommune.

Medlemer frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore:
Medlem: Eva Hage Solstad
Varamedlem: Aleksander Øren Heen

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Jostedalsbreen nasjonalpark i kommunane Balestrand, Gloppen, Førde, Jølster, Luster, Sogndal og Stryn inngår i verneplanen for Jostedalsbreen.

Medlemer frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore:
Medlem: Karen Marie Hjelmeseter
Varamedlem: Nils P. Støyva

Breheimen nasjonalparkstyre
I verneplanen for Breheimen i Oppland og Sogn og Fjordane inngår følgjande verneområde:
- Breheimen nasjonalpark i kommunane Luster, Skjåk og Lom
- Strynefjellet landskapsvernområde i Skjåk kommune
- Mysubytta landskapsvernområde i Skjåk kommune
- Høydalen landskapsvernområde i Lom kommune
- Mørkridsdalen landskapsvernområde i Luster kommune
- Vigdalen landskapsvernområde i Luster kommune
- Høyrokampen naturreservat i Lom kommune

Medlemer frå fylkeskommunen i perioden 2012 – 2015 har vore:
Medlem: Norunn Lunde Furnes
Varamedlem: Per Kjøllesdal.